ALVER
KOMMUNE

Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Mette Robertsen | 14.11.2022 |
| Vår: 22/2989 - 22/85991 | mette.robertsen@alver.kommune.no | |

# Vedtak til klagevurdering - gbnr 324/4 Langeland

| | |
|---|---|
| **Tiltak:** | driftsbygning/reiskapshus |
| **Byggjestad:** | Gbnr: 324/4 |
| **Tiltakshavar:** | Tore Mjåtvedt |
| **Ansvarleg søkjar:** | |

Saka gjeld søknad om oppføring av ny driftsbygnad/ reiskapshus med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 240 m² og bygd areal (BYA) inkl. parkering på terreng, ca 390 m². Utnyttingsgrad på eigendomen er opplyst til 0,90 % BYA/ 382m2 BRA.

Deler av eigendommen er omfatta av Detaljregulering fv. 564 Frekhaugkrysset inkl. utbetring av fv. 244 plan ID nr. 125620170003. Det er pågåande arbeid med utbetring av fv.564, og grunnen som den eksisterande driftsbygnaden står på per i dag, skal eksproprierast i samband med utbetring av Sagstadvegen. Driftsbygnaden på om lag 330 m2 skal av den grunn rivast.

Driftsbygnaden har vært nytta som reiskapshus, for mellom anna å kunne utnytte skogrettane som ligg til eigendommen. Tiltakshavar har no behov for å byggje eit nytt reiskapshus, slik at dei kan halde fram med den same utnyttinga av rettane som ligg til eigendommen.

Garden er per i dag elles ikkje i drift. Eigedomen består av tre teigar, med eit samla areal på 103307,5m2.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, samt opparbeiding av avkøyrsle. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-føremål.

**Planstatus**
Tiltaket ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen for Meland 2015-2026 plan ID nr. 125620190001 sin arealdel er avsett til LNF – føremål.

Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 30 % BYA.

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Påståande bygnader




Omsøkt tiltak




**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Mette Robertsen på e-post mette.robertsen@alver.kommune.no

**Regelverk**

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Tegning med kotehøyder
Kotehøyder opphavelig- planert
Byggesøknad Bustølsvegen - F
Byggesøknad - Dispensasjon - gbnr 324/4 Langeland
Byggesøknad Bustølsvegen-1
Teikningar.pdf

**Vedlegg:**
Dispensajon og løyve til oppføring av driftsbygning/reiskapshus - gbnr 324/4 Langeland

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Martin Gjerde Skrede | | | |
| Randi Mjåtvedt | SAGSTADVEGEN 39 | 5919 | FREKHAUG |
| Tore Mjåtvedt | SAGSTADVEGEN 39 | 5919 | FREKHAUG |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Statsforvaltaren I Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | Leikanger |